



JOBing  
Kråkvika 33  
6390 VESTNES

## **Vestnes kommune -reguleringsplan - gnr8 bnr3 Sessetra Daugstad hyttetomter - JOBing Fråsegn til varsel om oppstart**

Det er varsla oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr8 bnr3 på Sessetra for å legge til rette for inntil ni nye hyttetomter. Området er omfatta av reguleringsplan Daugstad og Sessetra.

Fylkesmannen saknar referat frå oppstartsmøtet. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

### **Natur- og miljøvern**

Planområdet omfattar ei registrering av naturbeitemark kategorisert som viktig. Naturtypen er plassert i denne kategorien fordi det er registrert 13 naturengplantar og at det truleg er potensiale for beitemarkssopp. Vi ber om at ein ikkje legg opp til inngrep som vil redusere verdiane på naturbeitemarka. Sjå meir informasjon på Miljødirektoratet sin [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Vi rår elles til at ein legg opp til ei utforming og storleik av hyttene i tråd med eksisterande byggeskikk i området.

### **Samfunnstryggleik**

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6.

### **Konklusjon**

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)  
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

**Kopi:**

Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 Vestnes

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde